

1. Høyringsinnspel er sendt inn av: (Namn på person, gruppe e.l) \*

Kirsten Hellerdal Fosstveit

2. Del 1: BARNES BESTE VURDERING: Er de samde i vurderingane av det som er vekta høgt i den gjennomførte barns beste vurderinga, og det som har lågare vektning?

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

3. Kommentar til svar Barns beste vurdering

4. Del 2: NÅ-BILETET: Opplever de at nå-biletet/beskriving av situasjonen, slik det kjem fram av rapporten til Norconsult, gir eit realistisk bilete av sliK tilbodet er i barnehagane og skulane våre?

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

5. Kommentar til svar NÅ-biletet

6. Del 3: FRAMTIDSBILETET: Meinar de framtidsbiletet gir ei god framstilling av kva som bør kjenneteikna barnehage- og skuletilbodet i Sauda?

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

7. Kommentar til svar framtidsbiletet

8. Del 4: GAP-analyse: Er de samde i dei vurderingane referansegruppa og prosjektgruppa har gjort i GAP-analysen?

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

9. Kommentar til svar GAP-analysen

Einig når det gjeld barnehage, men ikkje i skulespørsmålet.

10. Del 5: BARNEHAGE. Er de samde med kommunestyret sitt vedtak for barnehage? (Vidareføre dagens barnehagestruktur, alternativ 0, i påvente av avgjerd om framtidig skulestruktur. For fullstendig vedtak, sjå saksframlegg)

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

11. Dersom de svarar nei, delte meiningar, eller anna, kva alterantiv ønskjer de?

- Alternativ 0 +: Dagens organisering (med oppgradering)
- Alternativ 1a: Leggje ned Leabøen barnehage
- Alternativ 1b: Leggje ned Rustå barnehage
- Alternativ 2: Ein kommunal barnehage, ved å byggje på ein av dei eksisterande
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)

## 12. Kommentar til svar barnehagestruktur

13. Del 5: SKULE; del 1. Er de samde med kommunestyret sitt vedtak for barneskule? (Sauda skal i framtid ha ein felles barneskule. For fullstendig vedtak, sjå saksframlegg.)

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

## 14. Kommentar til svar skulestruktur, del 1

Fram til saka er betre utreda meiner eg det er betre å halda fram med dagens struktur. Har t.d. kommunen råd til å byggja nytt? Det er dyrare å byggja nytt enn å behalda 2-3 skular, etter kva eg kan sjå (jfr. med utbyggingar andre stader, og med byggjeprojekt kommunen har gjennomført dei siste åra). Å riva og byggja nytt er "gamaldags" tenking i dag når ein veit kva dette fører til av klimautslepp. Det beste er å ta vare på og bruka det ein har.

I rapporten skriv ein om ein sentrumsskule. Kor skal denne liggja? Er det ledig areal for ein slik skule?

Før ein landar på eit evt vedtak om nedlegging av ein eller fleire skular og/eller barnehagar bør ein ha ein plan for bygningsmassen. Det bør gjennomførast ei kartlegging der ein mellom anna ser på:

- Kan ein unngå å riva bygningar?
- Dersom ein skule skal leggjast ned, kva kan bygningen brukast til i staden for som skulebygg? Kan den t.d. brukast som barnehage? Kva skal då barnehagebygget brukast til? Kan skule-/barnehagebygg byggast om til omsorgsbustader, leilegheiter eller anna som det er behov for?
- Er det interesse for å overta bygningen dersom kommunen vil kvitta seg med denne? Ein må unngå å hamna i ein situasjon der bygningen blir ståande til forfall (jfr Birkeland skule). Det er knapt noko anna som gir dårlegare inntrykk av ein stad enn nedlagte skulebygg som forfell.

15. Del 5: SKULE; del 2. Er de samde med kommunestyret sitt vedtak om at fram til det kan etablerast ein felles barneskule, skal kommunestyret iverksetje 2a, ein skule for 1. - 4.klasse, og ein for 5. - 7.klasse. Tiltaket forutsetter at forprosjekt for ny felles barneskule er klar, særleg med omsyn til plassering. (For fullstendig vedtak, sjå saksframlegg.)

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

16. Kommentar til svar skulestruktur, del 2

Eg ser ikkje kvifor ein ikkje heller kan halda fram med dagens struktur fram til evt ny skule står klar. Det er ein lang og tidkrevjande prosess å byggja ny skule. Først skal ein ha reguleringsendring, utlysa arkitektkonkurranse, anbodsrundar etc. Dette kan ta fleire år. Etter mi meining vil det ikkje vera til "barns beste" at ein sender ungane rundt frå skule til skule gjennom grunnskuletida.

## 17. Ope kommentarfelt for andre innspel

Eg har fleire poeng som eg vil ta med her, og deler det for ordens skuld opp i punkt.

### 1. MEDVERKNAD

Dersom ein ønskjer mest mogleg medverknad i ein prosess (og det burde vera eit mål i ein så viktig sak) så er det svært uheldig å leggja opp til tilbakemelding i form av eit slikt spørjeskjema. I skjemaet blir det stilt høge krav om forkunnskapar (tilvisingar til eit omfattande høyringsdokument) for å kunne svara på spørsmåla, og det er berre dette siste feltet som opnar opp for meir "frie" tankar om temaet.

Det er også ein uting å ha høyringar i feriar om ein ønskjer flest mogleg høyringssvar. Ikkje minst om ein ser på målgruppa - familiar med ungar i barnehage og skule. Då har ein meir enn nok med å få "feriekabalaen" til å gå opp, og ein ønskjer å bruka ferien til det den er meint til: avkopling. Organisasjonar og høyringsinstansar har òg ferie på denne tida, og det er ein av grunnane til at Statsforvalteren ikkje tilrår høyringsperiodar i feriar: "Vi har tidligere erfaring med at det behandles en del plansaker i slutten av juni som legges ut til offentlig ettersyn med frist i august. Dette medfører store problemer for høringsinstansene da de fleste avvikler sommerferie i juli. Det kan også redusere mulighetene for allmenn medvirkning. Vi håper kommunene har forståelse for dette og ber om at det settes høringsfrister der juli måned ikke regnes med ved fastsettelse av fristen." (Kjelde: <https://www.statsforvalteren.no/agder/plan-og-bygg/arealforvaltning/plansaker-etter-plan--og-bygningsloven--horingsfrister-i-sommerferien/>)

Eg vonar Sauda kommune i framtida ikkje legg opp til høyringar i feriar, og at ein også opnar breiare opp for innspel (t.d. senda inn svar på epost).

### 2. KUNNSKAPSGRUNNLAGET

Eg har diverre ikkje hatt tid til å finlesa rapporten til Norconsult (og har difor ikkje svara på alle spørsmåla ovanføre), men av det eg kan sjå er den grei nok mtp mandatet som rapporten byggjer på. Eg stiller difor meir spørsmål til mandatet - kva rapporten tar for seg og (ikkje minst) IKKJE tar for seg. Det siste meiner eg er viktig om ein saka skal vera godt nok undersøkt og opplyst før politikarane fattar vedtak. I lesarbrev i Ryfylke har det gjennom våren vore belyst ein del sider av saka som ikkje kjem fram i rapporten: SFO, økonomi (har kommunen råd til dette?), framtida til evt tomme skule- og barnehagebygg, kvaliteten på gang- og sykkelveg m.m. Eit vedtak om ny skulestruktur får store ringverknader, og det er difor viktig at denne saka blir sett i ein større samanheng. Det gjeld både organisatorisk/administrativt/økonomisk og fysisk i kommunen. Ingen eksisterer i eit vakuum - heller ikkje (særskild ikkje!) skular og barnehagar. Saka hadde stått seg på å modna medan ein utarbeider eit breiare kunnskapsgrunnlag (t.d. innan tema nemnd tidlegare), og gjerne knytt til ein framtidig rullering/revisjon av kommuneplanen.

### 3. TRANSPORT

Kommunen har som målsetjing at flest mogleg av elevane i grunnskulen kan gå og/eller sykla til skulen. I sykkelstrategien til kommunen er det sett eit konkret mål om at: «80 prosent av barn og unge skal gå eller sykle til skolen.» Dette har gode effektar på både folkehelse, sosial og fysisk utvikling, klima og miljø. Undersøkingar viser at mobiliteten blant grunnskuleelevar fell når avstanden blir meir enn 1 km (litt over halvparten sykklar eller går) og meir enn 2 km (litt over ein tredjedel sykklar eller går). Blir avstanden over 3 km er det under ti prosent som sykklar eller går til skulen. Det kan slik vera gunstig å planleggja for at flest mogleg har ein skuleveg på maks 2-3 km.

Med utgangspunkt i eit mål om at flest mogleg elevar i kommunen skal gå og sykle til skulen, burde ein behalda minimum to skular. Det vil då ha størst effekt å behalda skulane i ytterkantane, dvs Risvoll og Austarheim. Kvifor har ikkje dette blitt utreda som eit alternativ?

...

HER FEKK EG IKKJE SKRIVA MEIR - SKJEMAET STOPPA MEG PGA ANTAL TEIKN.

Det er gitt tilbod om å sende resten av innspel på e-post, og legge dette som tillegg til høyring i skjema. Innspel som er sendt på e-post følgjer under:

## Tomt – ny skule

Det høyrst flott ut med ny barneskule, og eg har forståing for at mange ønskjer dette. Men eg tykkjer det blir vanskeleg å ta stilling til dette framtidsbiletet utan å veta meir om dette hypotetiske bygget. Kva blir prislappen, og kva konsekvensar får dette for kommuneøkonomien? Har ein i det heile tatt råd? Men også – kor skal bygget liggja?

Norconsult seier i rapporten at ein treng 10.000 kvm areal til sjølve bygget og ca 12.000 kvm til uteareal. Dersom ein byggjer i to høgder betyr dette at ein treng minst 17.000 kvm areal til ny skule. I tillegg bør ein (etter mi meining) setja av ytterlegare areal for å eit «bufferområde» til evt framtidige behov. Merk at alle barneskulane i Sauda har fått tilbygg/påbygg dei siste 30 åra. Det kan koma behov i framtida ein ikkje kjenner til i dag. **Kor finn ein dette ledige arealet sentralt i Sauda?**

I rapporten blir det peika på gamle hestesportbanen i Åbøbyen. Den ligg like ved populær turveg langs elva. Elles er denne tomta avgrensa i nord med skråning og i sør/aust med skråning ned mot dam. Ledig areal her er ca 15.000 kvm areal. Dersom ein fjernar dammen aukar arealet til ca 20.000 kvm. Det er altså mogleg å skvise inn ein skule her, men kor god plassering er egentlig dette?

På den positive sida kan ein trekkja fram nærleik til turområde (Lillebekk og Andedammen) og idrettsanlegg.

På den negative sida betyr det at ein byggjer ned grøntareal og genererer mykje ekstra trafikk og støy til eit bustadområde (som også er nasjonalt verneområde). Tomta ligg dessutan nær elv som kan utgjere ein risiko (ikkje alle barn i barneskulealder kan symja) – særskild i flaumperiodar. Dette med flaum kan i det heile tatt gjera tomta ueigna å byggje på – eller i alle fall svært dyr å byggja på – ettersom den ligger i flaumsone og influensområde for 200-årsflom.

Poenget med å peika på tomt i dette stadiet av prosessen er at det er viktig å tenkja tanken ut – teikna heile framtidsbiletet (ikkje berre eit omriss av noko, slik det blir gjort i rapporten). Først då kan ein ta stilling til om det er eit realistisk og godt alternativ. **Dersom ein ikkje har gode tomtealternativ sentralt i Sauda, så er det betre å fokusera på alternativ der ein byggjer vidare på eit eller fleire av skulebygga ein har.**

## Transport


Sauda kommune har vedteke ein sykkelstrategi. På side 18 kan ein lesa:

*For barn og ungdom er det anbefalt at de skal ha minst 60 minutter daglig fysisk aktivitet med moderat eller høy intensitet. Barn og ungdom er fremtidens generasjon og trafikanter. Aktive vaner i tidlig alder vil ha positive effekter på helse, trafikkopplæring og – forståelse, og sykkelandelen i Sauda. Ved å tilegne seg aktive vaner fra tidlig i livsløpet vil man i større grad velge sykkelen istedenfor bil senere i livet. Sykkelen representerer lek og frihet, og vil gjøre barn mindre avhengig av foreldrene sine siden de selv kan sykle til skolen eller fritidsaktiviteter. Samtidig vil mindre bilkjøring til skole og fritid bidra til mindre luftforurensning, bedre lokalklima og bidra til trafiksikkerhet lokalt. Et lokalmiljø der mange barn og ungdommer sykler, vil oppfattes som trygge og trafiksikre miljøer.<sup>1</sup>*

<sup>1</sup> Syklende Sauda - strategi 2020 – 2030, side 18.

Kommunen har som målsetjing at flest mogleg av elevane i grunnskulen kan gå og/eller sykla til skulen. I sykkelstrategien til kommunen er det sett eit konkret mål om at: «**80 prosent av barn og unge skal gå eller sykle til skolen.**» <sup>2</sup>

Dette har gode effektar på både folkehelse, sosial og fysisk utvikling, klima og miljø. Undersøkingar viser at mobiliteten blant grunnskuleelevar fell når avstanden blir meir enn 1 km (litt over halvparten syklar eller går) og meir enn 2 km (litt over ein tredjedel syklar eller går). Blir avstanden over 3 km er det under ti prosent som syklar eller går til skulen. Sjå figur under. Det kan slik vera gunstig å planleggja for at flest mogleg har ein skuleveg på maks 2 km.



Figur 1 - Transportmiddel til skulen etter avstand frå bustad. Andel grunnskuleelevar i 2013/14. Kjelde: Hjorthol og Nordbakke 2015.

Med utgangspunkt i eit mål om at flest mogleg elevar i kommunen skal gå og sykle til skulen, bør ein behalda minimum to skular. Det vil då ha størst effekt å behalda skulane i ytterkantane, dvs Risvoll og Austarheim. Sjå figur 2.





Figur 2 - Kvar sirkel har ein radius på 2 km med senter i kvar sin barneskule. Blå=Risvoll, grøn=Fløgstad, raud=Austarheim. Undersøkingar viser at andelen som går/syklar til skulen fell drastisk når skulevegen blir over 2 km. Dersom målet er at flest mogleg elevar i kommunen skal gå/sykla til skulen, så vil det vera best å behalda to skular: Austarheim og Risvoll. Kartunderlag: Temakart Rogaland.

Det same gjeld for barnehagar. Å samla alle småbarn i ein felles barnehage sentralt i Sauda (t.d. Veslefrikk) vil generera ein auke i biltrafikk i samband med levering og henting. Dette vil vera negativt mtp klimagassutslepp, men også for lokale utslepp og ureining til luft i nærmiljøet rundt denne barnehagen. Omvendt vil ein «desentralisert» struktur med fleire mindre barnehagar gjera at fleire vil kunne gå/sykla til barnehagen. I tillegg vil barnehagane (og skulane) sine uteanlegg vera tilgjengeleg som leikeareal i nærmiljøet til barnefamiliane om ettermiddagar og i helger/feriar.

## Til punkt 16. Kommentar til svar skulestruktur, del 2

Kva er det som gjer at det hastar slik med å leggja ned skule/skular allereie neste år, og at ein vil gjennomføra ein modell med delt skule (1-4. klasse + 5.-7. klasse)? Dette burde kunne vente til eventuell felles barneskule står klar – dersom det er det langsiktige målet.

Ein kan få inntrykk av at dette handlar om økonomi og håp om å spara pengar, og ikkje omsynet til «barnets beste». I PWC sin rapport frå 2021 «Rapport Sauda kommune Omstilling 2025» side 42 er forslaget med delt skule presentert. Dette skal gi ei innsparing på 5.150.000 kr: «Det er anslått at ny struktur vil redusere utgifter til personale og forvaltning, drift og vedlikehold med ca. 8,5 mill. kr. Samtidig vil økt skoleskyss og rehabilitering medføre økte utgifter på ca. 3,4 mill. kr. Nettoeffekt av tiltaket blir derfor ca. 5,1 mill. kr.» Her er det viktig å merka seg at tiltaket **«krever rehabilitering av skolene for å gi plass til det nye antallet elevar»**. Dvs Sauda kommune bør gjera tiltak ved både Austarheim og Fløgstad FØR steg 1 i forslag til vedtak. Slik sett vil det etter mitt syn vera uansvarleg å gjennomføra forslaget om delt skule – både med tanke på økonomi og med tanke på barnets beste.

Vidare skriv PWC at det er knytt usikkerheit til tiltaket, og at det «er et omfattende prosjekt som krever en egen utredning». Eg kan ikkje sjå at dette har blitt godt nok utreda i rapporten til Norconsult (2024). I det heile verkar det for meg å vera svært lite som talar for ei slik løysing, jamført med å halda fram med dagens skulestruktur med tre barneskular.